

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.10.2008
Sakhandsamar: Bjørg Sandal
Saka gjeld: **Regional kommunikasjonsplattform for Helse Vest**

Styresak 110/08 B

Styremøte 05.11. 2008

Bakgrunn:

Helseføretaka er – og skal vere – i det offentlege søkjelyset. Dette skal føretaka i Helse Vest handtere profesjonelt gjennom ein sakleg, offensiv, open og ærleg kommunikasjon. Open og etterretteleg kommunikasjon er ein føresetnad for at verksemda skal lykkast, både internt og eksternt.

Å byggje opp tillit og tiltru til helsevesenet og dei aktivitetane vi utfører er ei viktig målsetjing for kommunikasjonsarbeidet. For å greie dette, krev det at vi spelar på ulike verkemiddel og at det er konsistens og kontinuitet i arbeidet. Å samordne kommunikasjonen er svært viktig, og er i fleire høve understreka av Helse- og omsorgsdepartementet.

Kommunikasjonsplattforma gjeld for heile regionen. Helseføretaka har vore inviterte til å komme med innspel i samband med arbeidet med plattformen.

Kommunikasjonsplattformen er utarbeidd i tråd med gjeldande lovverk, retningslinjer og overordna føringar, blant anna styrande dokument for 2008 frå Helse- og omsorgsdepartementet, føretaksprotokollar og Rammeverket for samordna kommunikasjon i spesialisthelsetenesta (HOD) og strategiplanen for Helse Vest, Helse2020. Kommunikasjonsplattformen er ei vidareutvikling av den regionale kommunikasjonsplattformen frå 2003.

Forslag til vedtak:

- 1) Styret vedtek den regionale kommunikasjonsplattformen for Helse Vest.
- 2) Kommunikasjonsplattformen skal ligge til grunn når ein utarbeider lokale strategiar og tiltaksplanar.

Vedlegg: Regional kommunikasjonsplattform for Helse Vest